



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

KOPI

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
Agnes Mowinckelsgt. 5
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref
11/1313-11 KON

Dato
25 OKT 2011

Statsbudsjettet 2011 – Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling – Tilsegn om tilskot på inntil kroner 1 590 000 til Hordaland fylkeskommune, Flytt til LivOGlyst – Bulyst 2011

Tilsegnnummer: 11203009.

Vi viser til

- Utlysing av bulystmidlar på www.regjeringa.no/bolyst
- Søknad frå Hordaland fylkeskommune av 16.5.2011.

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) gir med dette tilskot på inntil 1 590 000 kroner til prosjektet Flytt til LivOGlyst, som er eigd av Hordaland fylkeskommune. Prosjektet kan ikkje rekne med ytterlegare medfinansiering frå KRD.

Målet med bulystsatsinga

Målet med satsinga på bulyst er å vidareutvikle kunnskap om korleis lokale og regionale utviklingsprosjekt skapar bulyst og attraktive stader. Dei 44 prosjekta som er valde har ulik innretting, ulike tema og stor geografisk spreing. Dette viser breidda og variasjonen knytt til omgrepet bulyst. Vi er opptekne av at bulystsatsinga skapar læring, merksemd og engasjement rundt lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

Kompetansesenteret for distriktutvikling (Distriktssenteret) har ei sentral rolle i arbeidet med bulyst, både når det gjeld kunnskapsbygging og formidling. Prosjektansvarlege bør også bruke www.distriktssenteret.no. Det er ein viktig portal for å finne erfarings- og forskingsbasert kunnskap frå andre satsingar og prosjekt.

Vi gjer dykk spesielt merksame på at Norsk senter for bygdeforskning har utarbeidd ein rettleiar i lokal samfunnsutvikling. Rettleiaren er utarbeidd som ein del av følgjeevalueringa av den nasjonale småsamfunnssatsinga, som blei gjennomført av KRD i perioden 2006-2009. Rettleiaren kan lastast ned via følgjande lenkje, <http://www.regjeringen.no/upload/KRD/LUK/Fagstoff/Veilederilokalsamfunnsutvikling.pdf>. Vi håper at rettleiaren kan kome til nytte i dykkar vidare arbeid, og papirutgåva er derfor også lagt ved dette brevet.

Erfaringsoverføring og læring er ein viktig del av bulystsatsinga. Representantar for prosjektet må difor vere villige til å delta i evalueringar og på eventuelle nettverkssamlingar for å presentere prosjektet og dele kunnskap. Kunnskapsdeling kan skje både mellom dei ulike pilotane, og frå pilotane til Kommunal- og regionaldepartementet og Distriktssenteret. Vi ønskjer at prosjekta skal vere synlege, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Mål for prosjektet

Dette er eit regionalt LivOGlyst- prosjekt basert på samarbeid mellom øysamfunna og LivOGlyst- prosjekta Fjellberg i Kvinnherad, Huglo på Stord, Espevær på Bømlo og Møkster i Austevoll.

Øysamfunna er lokalisert i Sunnhordland og har ei rekkje felles utfordringar som prosjekta ser kan løysast meir rasjonelt gjennom samarbeid og løysingar på tvers. Øysamfunna har til felles at dei alle kjempar for busetnaden og folketalet. Per dato har dei om lag 100 fastbuande kvar, og står dermed faretruande nært å miste viktige institusjonar og arbeidsplassar som barnehage, grunnskule og nærbutikken. Gjennom Flytt til LivOGlyst søker øysamfunna meir effektivt samarbeid om kartlegging/klargjering av bustader, nettverksbygging, profilering, rekruttering og integrering av nye tilflyttarar.

Den overordna målsettinga er auka tilflytting, integrering og busetting. For å nå desse måla vil Espevær, Fjellberg, Møkster og Huglo samarbeide om ei rekkje tiltak. Nokre av desse tiltaka er:

- Registrere og gjere ledige bustader innflyttingsklare for å gi rom for tilflytting
- Bygge og sette opp PoppOpp - hus (rimelege utleigebustader)
- Styrke samarbeidet med "slepp oss til – unge inn i landbruket"
- Vidareføre samarbeid om å rekruttere islendingar til øysamfunna
- Samarbeid om språkopplæring
- Felles profilering og marknadsføring av "Flytt til LivOGlyst"
- Etablere samarbeid med lokale/regionale næringsaktørar for å hjelpe tilflyttare med å finne relevant arbeid

Kostnadsoverslag

Prosjektet har eit totalbudsjett på 4 000 000 kroner inklusive eigeninnsats.

Kommunal- og regionaldepartementet gjev tilsegn om inntil 1 590 000 kroner over kap. 552, post 72

Dette kostnadsoverslaget ligg til grunn for tilskotet (inkl. mva):

Post	Budsjett
Koordinatorstilling fordelt over to år	300 000
Kartlegging/tilrettelegging av bustader	20 000
Felles profileringsmateriell	150 000
Utvikling av manual for tilflytting / integrering	50 000
Reiser/møter og administrasjon	50 000
Følgeforsking / masterstudent	20 000
Tiltak lokalt i kvart omsøkt prosjekt 250 000x4	1 000 000
Totalt	1 590 000

Vi gjer merksam på at midlar over kap 552.72 ikkje kan nyttast til investeringar i bygningar eller anna fysisk infrastruktur. Tilskotet skal som hovudregel ikkje nyttast til investeringar i utstyr. Unntaket er mindre investeringar som er avgjerande for gjennomføringa av aktiviteten. Tilskot til utstyr skal normalt ikkje overstige 10 pst. av prosjektkostnadane. Sjå retningsliner for posten på www.regjeringen.no/krd/retningslinjer.

Vilkår for utbetaling av midlar:

1. Hordaland fylkeskommune må innan 20.11. 2011 stadfeste overfor departementet at det er aktuelt å gjennomføre prosjektet, og at tilskottet vert motteke på vilkåra i dette brevet. I samband med stadfestinga ber vi Hordaland fylkeskommune synleggjere det samla budsjettet for prosjektet og kva andre postar som inngår. Tabellen over gjer ein oversikt over kva tiltaka KRD finansierar går til, men ikkje kva andre tiltak som inngår i prosjektet. Prosjektarbeidet må ikkje settast i gang før den samla finansieringa er på plass. Tilbakemeldinga til departementet må også innehalde opplysningar om kva kontonummer pengane skal overførast til.
2. Prosjektet kan gjere mindre omprioriteringar og justeringar dersom dette er gunstig for å nå måla i prosjektet. Større endringar, som medfører endringar i prosjektet sitt totale budsjett, må godkjennast av departementet.
3. Det skal førast spesifisert rekneskap for arbeidet. Rekneskapen skal settast opp slik at utgiftene kan samanliknast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilskottet. Dersom arbeidet ikkje blir utført i omfanget de har skildra i søknaden, eller til dei kostnader de har gitt opp i søknaden, vil departementet redusere tilskotet tilsvarande. Tilskotsmidlar som departementet har utbetalt kan også bli kravd tilbakebetalt, heilt eller delvis. Rekneskapsmaterialet skal oppbevarast i 10

år.

4. Riksrevisjonen, Kommunal- og regionaldepartementet eller dei departementet gir mynde, kan krevje informasjon frå tilskottsmottakar og sette i verk kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Dette er i samsvar med Løyvingsreglementets § 10 og Lov om Riksrevisjonen § 12. Tilskottsmottakarar har plikt til å gje opp dei opplysningane som Riksrevisjonen, departementet eller andre som departementet har delegert kontrollmynde til, forlangar.

Rapportering og kontroll

Læring og erfaringsoverføring er et sentralt mål for bulystsatsinga. Difor ber vi dykk legge vekt på god rapportering av prosjektarbeidet, både undervegs og med ein eigen sluttrapport.

Alle prosjekt som får støtte skal sende inn ein årleg rapport til departementet. Denne skal innehalde omtale av aktivitetar og tiltak, og gjere greie for eventuelle justeringar av prosjektplanen, både når det gjeld framdrift og aktivitetar. Sjå vedlagde rapporteringsskjema. Vi ber om at den første, årlege rapporten vert sendt til departementet seinast 24. april 2012. De finn eit eige rapporteringsskjema som skal nyttast til rapporteringa på www.regjeringen.no/bolyst. Papirkopi av skjemaet er òg lagt ved dette brevet.

Utbetaling

For å få midlar må prosjekteigar be Kommunal- og regionaldepartementet om å gjere ei utbetaling (utbetalingsoppmoding).

Utbetalinga blir som hovudregel gjort i tre omgangar.

1. Departementet *kan* utbetale inntil 25 pst. av tilskottet når Hordaland fylkeskommune har akseptert vilkåra i dette brevet, og arbeidet har starta opp (førehandsutbetaling).
2. Når departementet har motteke dokumentasjon av faktiske utgifter, vert inntil 50 pst. av det samla tilskottet utbetalt (etterskotsutbetaling). Dokumentasjon av utgifter bør følgje den årlege rapporteringa.
3. Den siste delen av tilskottet skal utbetalast når prosjektaktiviteten er fullført, og sluttrapport og eventuell revisorstadfesta rekneskap (sjå punkt 5) er sendt inn (etterskotsutbetaling).
4. Alle prosjekt skal levere sluttrapport og prosjektrekneskap.
5. I tillegg skal revisorstadfestande rekneskap leverast av:
 - a) Private tilskottsmottakarar som tek imot meir enn 100 000 kroner, jf. RS 800 Revisors uttale ved revisjonsoppdrag med spesielle føremål.
 - b) Offentlege tilskottsmottakarar som tek imot meir enn 400 000 kroner, jf. RS 800 Revisor sine uttaler ved revisjonsoppdrag med spesielle føremål.

6. Prosjektet må vere avslutta slik at siste utbetaling frå departementet kan gjerast seinast 1. desember 2013.

7. Prosjekteigar har ansvar på vegne av prosjektdeltakarane. Dette gjeld også det finansielle ansvaret.


Ved kontakt med departementet om utbetaling må tilsegnnummeret som står øvst i dette brevet nyttast. Ved utbetaling av midlar er dette nummeret gitt på utbetalingsblanketten.


Kommunal- og regionaldepartementet ber om at følgjande opplysningar blir sende til postmottak@lrd.dep.no:

- Stadfesting på at prosjektet vert gjennomført og på at medfinansiering er på plass
- Behov for eventuell førehandsutbetaling
- Kontonummer og oppmodingar om utbetalingar (sjå under "Utbetaling").
- Ved store endringar i prosjektet: Ny framdriftsplan
- Årleg rapport (innan 24. april kvart år)
- Ved prosjektslutt: Sluttrapport og rekneskap i tråd med retningslinene over.

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer dykk lykke til med prosjektet.

Med helsing


Gerd Slinning (e.f.)
avdelingsdirektør


Knut Ove Nordås
seniorrådgiver

Vedlegg – Rettleiar i lokal samfunnsutvikling
Rapporteringsskjema bulyst

Kopi til:

Austevoll kommune

Bømlo kommune

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktutvikling

Kvinnherad kommune

Plan- og administrasjonsavdelingen

Riksrevisjonen

Stord kommune